

Er du **harding** og kunst-, musikk- eller teater**Student**?

Vil du ha kontakt med **kunstmiljøet** heime i Hardanger ?



Harding Puls kan tilby deg eit student-
/rekrutteringsmedlemskap !!!

Harding Puls er ein tverrfagleg organisasjon for skapande og utøvande kunstnarar på eit profesjonelt nivå. Medlemene skal vera frå Hardanger og/eller bu/virka i Hardangerregionen.

Du kan søkja student-/rekrutteringsmedlemskap innan alle kunstfagfelta, som biletkunstnar, musikar, forfattar, skodespelar, kunsthandverkar, fotograf, og formgjevar.

Kriteria for student- og rekrutteringsmedlemskap er at du er tatt opp på ein høgskule innan eit av kunstfaga som Harding Puls famnar etter normale opptaksreglar.

Andre uetablerte kunstnarar og kultur utøvarar kan og søkja om rekrutteringsmedlemskap viss ein kan vise til *ein* kvalifisert juryering eller til deltaking i eit større profesjonelt arrangement.

Medlemskap må godkjennast av styret i Harding Puls

Student-/rekrutteringsmedlemskapen gjeld i 5 år.

Innan den tida må ein ha søkt om vanleg medlemskap. Dersom ein ikkje fyller krava til vanleg medlemskap innan dei 5 åra, fell student-/rekrutteringsmedlemskapen bort.

Harding Puls har om lag 60 medlemmer og er eit viktig nettverk for fagleg utvikling og samarbeid.

Harding Puls har slik målformulering :

- vera ein idé og kontaktskapande organisasjon
- stimulera til samarbeid og samkvem som gjev faglege impulsar
- arbeida for styrking av fagleg kompetanse
- styrkja kunstnarane og kulturutøvarane sin identitet
- vera med å markera særpreg og tradisjon i regionen
- arbeida for å nytta kunst og kunstnarar i regionen

Det vert skipa "Harding Puls Ting" for medlemmene kvart vårsemester med felles idémyldring, debatt, og årsmøte.

Student-/rekrutteringsmedlemer får tilsendt informasjon og vil bli invitert med på "Harding Puls Tinget".

Til årsmøte har dei forslag- og uttalerett, men ikkje stemmerett. Der det høver inn kan du verta invitert til å delta på kunstprosjekt.

Rekrutterings- / studentmedlemer betaler redusert kontingent på kr. 250,- for 2020

Meir info om Harding Puls finn du på nettsidene våre : www.hardingpuls.no

Du kan og ta kontakt på e- posten vår: post@hardingpuls.no

Send søknad på vedlagt skjema.

Søknad om student-/rekrutteringsmedlemskap i Harding Puls.

Er du frå /oppvaksen i Hardanger?.....

Di heimstad adresse er

Namn.....

Adresse

E-post.....

Tlf nummer.....

Fødselsår.....

Studerer ved
eller er i lære hjå

Linje –fagområde.....

Når starta studie.....

Når planlegg du avslutning på studiet du held på med no?.....

Legg ved kopi på dokumentasjon av opptak på studiet.....

eller på den opplæringa du er i.....

Har du gått andre skular / opplæring innan kunstfag ?.....

.....
.....
.....
.....

Stad

signatur

Send søknaden til:

Harding Puls

v/ Solfrid Aksnes

Vikøyvegen 408

5600 Norheimsund

tlf. : 56 55 15 94 / 47 60 10 56